

# MØTEBOK

## FELLESRÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
26.10.2022

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemmer:** Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Torill Hordvik, Edvard Bjerkestrand, Bjørn Helge Olsen, Arne Lerøy, Gerd Marie Solheim, Rune Minde.

**Varamedlemer:**

**Andre:**

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Kine Lerøy, Inger Synnevåg; Linda Skålevik Syslak

**Møtte ikkje:**

**Saker til førehaving:**

F – 24/22 – F – 29/22

**Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 24/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader*

Vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent. Tilleggsorientering om biskopen sin avskilsrunde i Nordhordland.*

F – 25/22 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 21.09.2022

Vedtak:

*Møteboka vart godkjent utan merknader.*

F – 26/22 UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

*Edvard Bjerkestrand og Bjørn Helge Olsen*

F – 27/22 ORIENTERING

- Om framdrifta på arbeidet med reastaureringa av gråsteinsmuren rundt kolerakyrkjegarden.
- Det vart orientert om biskopens avskilsturne. Tysdag 25.okt var han i Nordhordland. Soknerådet landa på å yta ei gåve på kr 2.000 til søsterkyrkja på Cuba.

F – 28/22 BUDSJETT 2023 OG ENDRINGAR I ØKONOMIPLANEN

Framlegg til vedtak:

*Austrheim sokneråd støttar kyrkjevevja si innstilling til kommunalt tilskot vedk budsjettet for 2023 samt dei foreslåtte endringane i økonomiplanen.*

Vedtak:

*Austrheim sokneråd støttar kyrkjevevja si innstilling til kommunalt tilskot vedk budsjettet for 2023 med nokre endringar i økonomiplanen som vart gjort i møtet.*

Bakgrunn:

Økonomisjefen har bedt om få tilsendt soknerådet sitt framlegg til kommunalt tilskot i samband med budsjettarbeidet for 2023, seinast innan 24.oktober. Kyrkjevevja har utarbeidd eit tilsvarende dokument som i fjor, basert på den malen som kommunen ønskjer frå dei ulike avdelingane i kommunen. Sidan fristen for dette var før soknerådsmøtet, har dette dokumentet vore framlagt for AU for kommentarar og innspel. Dokumentet ligg som vedlegg til sakspapira.

Administrasjonen i kommunen ønskjer at løn, fakturering og rekneskapsførsel vert sett ut til ein ekstern aktør og har allereie lagt til 200 000 kroner i ramma for at dette kan realiserast. Grunna vakanse på økonomikontoret frå og med 1.januar, er tilbakemeldinga at dei ønskjer dette.

Frå soknet si side har vi ikkje hatt noko sterkt ønskje om å få inn ein ekstern aktør, sidan vi har vore nøgde med den tenesta soknet har fått frå økonomikontoret. Administrasjonen ønskte heller ikkje på eit tidlegare tidspunkt at vi skulle gå over til ein annan aktør, sidan argumentet då var at det kosta for mykje. No er situasjonen heilt annleis og det synest ikkje vera eit alternativ at vi framleis skal få desse tenestene frå kommunen.

Det er inngått konkrete forhandlingar med Aider, som arbeider med eit tilbod på desse tenestene. Kyrkja sentralt har velt Aider som aktør for desse tenestene og har såleis allereie hatt ein anbodsrunde som vi kan nytta oss av lokalt. Vi har difor ikkje behov for å foreta ein eigen anbodsrunde, sidan denne allereie er gjennomført – vel å merka om vi ikkje ønskjer det for å vurdere andre alterantiv. Kyrkjevevja har spelt inn Aider som eit aktuelt firma for kommunen med det same det vart aktuelt å henta inn ein ekstern aktør. Vi brukar Aider på Fedje og har gode erfaringar med dei. Aider tilbyr også desse tenestene til dei fleste fellesråda i vårt område.

Når det gjeld økonomiplanen har vi velt å foreslå ein god del endringar i denne. Hovudgrunnen er at vi foreslår å gå vekk frå gjenbruk av kistegraver på delar av felt 2 på gravplassen og heller etablera ein namna minnelund her istadenfor. Innspel om eventuelt kjøp av minigravar er eit moment som har dukka opp i haust. Og vi må tidlegare i gang med ny varmeløysing i kyrkja.

#### Sagt i møtet:

- Bør gjera ei viss oppgradering på kyrkjelydshuset. Til dømes nye stolar, nye bord, ny oppvaskemaskin. Bør inn i økonomiplanen.
- For at inngangen til kyrkja skal vera reelt universelt tilgjengeleg, bør ein vurdere nye inngangsdører. Det er for mykje varmetap slik det er no.
- Ved ny varmeløysing bør ein vurdere varmestyring. Kommunen har god erfaring med EM-systemer. Sjekk med ENOVA om eventuelle stønadsløysingar.
- Endringane vert lagt inn i økonomiplanen.

F – 29/22 LØN KYRKJEVERJE (u.off)

(vedtakstekst vert limt inn i originaldokumentet)

Saka vart lagt fram i møtet av leiar i soknerådet.

# MØTEBOK

## SOKNERÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
26.10.2022

---

### Tilstades på møtet

**Medlemmer:** Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Torill Hordvik, Edvard Bjerkestrand, Bjørn Helge Olsen, Arne Lerøy, Gerd Marie Solheim, Rune Minde.

### Varamedlemmer:

**Andre:**  
Kyrkjeverja: Leif Arne Økland.

**Desse hadde meldt forfall:** Kine Lerøy, Inger Synnevåg; Linda Skålevik Syslak

### Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:  
Soknerådssaker: S- 11/2022 – S 13/2022

Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.

### Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 11/22 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

**Vedtak:**

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

S – 12/22 ORIENTERINGAR:

- Orientering om tilsetjingsprosessen for ny sokneprest.  
Orientering i møtet: Det vert felles møte med AU på Fedje og Austrheim i midten på januar, saman med proststen. Utlysing kort tid etter og forhåpentlegvis tilsetjing før Ruen Minde sluttar.
- Førebuing av kyrkjevalet 2023.
  - Drøfta medlemmer til nominasjonsnemnd. (Oppnemning i desembermøtet)
  - Tidsfristar: Komplet listeframlegg innan 31.mars 2023. Vedtak om godkjenning av liste innan 1.juni. Vedtak om stemmestader, stemmestyre, stader for førehandsrøysing og opningstider – også innan 1.juni.  
*Sagt i møtet: Det kom opp nokre namneforslag i møtet: Anny Bertelsen, Inger Synnevåg, Bjørn Helge Olsen, Bjarne Neteland, Gunn H Dyrkolbotn. Skulle gjerne hatt inn nokre yngre også.*
- Gudstenesteplan 2023: Prøver å få til ein salmekveld. Rune har utfordra songlaget til å delta på ei kveldsgudsteneste (julesongfest) etter jul. Kristi Himmelfartsdag er neste år den 18.mai. Det vert ikkje gudsteneste denne dato. Avskilsgudstenesta vert søndag 4.juni.

S – 13/22 VISJONS OG MÅLSETJINGSARBEIDET

Framlegg til vedtak:

*Saka vert lagt fram som drøftingssak utan framlegg til vedtak.*

**Vedtak:**

*Sagt i møtet: Det viser seg at det kjem opp ein god del kontrollspørsmål når ein skal svara på spørjeskjemaet på heimesida. Dette må vera ein feil, sidan svar på kontrollspørsmål (som er rette) likevel vert feil. Jostein ser på dette og feilen må rettast før ein går ut på facebook og ber folk svara.*

*Viktig at aktivitetar ikkje berre blir lessa på bakgrunn av det som kan vera ønsketeking. Av det som har kome fram til no er dette med fleire møtepunkt gjennom året. Både tema og salmekveldar.*

*Kjerringrokken vert utfordra til å svara på papir neste gong dei samlast.*

Bakgrunn:

I forkant av dette soknerådsmøtet, har det gått ut informasjon om spørjeskjemaet. Dei første svara er også begynt å koma inn. Soknerådet sine medlemmer vert oppfordra til å gje sine svar og dei vert oppfordra til å be folk i sine respektive nettverk om å gå inn og svara. Ein kan nytta sida i Kyrkjebakken som er sendt ut, eller aller enklast: gå inn på Austrheimkyrkja si heimeside og gje sine svar der. Å avgje svar digitalt er enkelt.

Til neste møte i soknerådet har ein også gjennomført gudstenesta 23.oktober, der kyrkjelyden er bedt om å stansa igjen for å drøfta desse tinga. I forkant av gudstenesta deler kyrkjevertane ut spørjeskjemaet til dei som kjem. Konfirmantlærar oppfordrar også konfirmantar og foreldre til å svara på spørjeskjemaet digitalt.

Silje Hoaas vert med på gudstenesta 23.oktober, samt siste soknerådsmøtet før jul, som vert eit arbeidsmøte der denne saka er hovudsak.

Resultata vert lagt fram på årsmøtet februar/mars 2023.

På dette soknerådsmøtet vert tendensar frå svara så langt snakka om. Men vel så viktig vert det å motivera til korleis ein kan få flest mogeleg til å engasjera seg i saka.